

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE-233, FA-V12, TI-&10	23/418

Saknr	Utval	Type	Dato
	Kraftfondsstyret	PS	
039/2023	Kommunestyret	PS	12.06.2023

Bygdevekstavtale - søknad om prosjektmidlar saman med Gulen kommune

Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Tilskotsordning bygdevekstavtale	12.06.2023
2023-03-20 Utvikling nye arbeidsplassar	12.06.2023
2023-05-26 Scenarioanalyse Gulen og Masfjorden	12.06.2023

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune sluttar seg til felles søknad med Gulen kommune kring prosjektmidlar/bygdevekstavtale 2023

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Gulen kommune søkte i 2022 om å få delta i Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) sitt pilotprosjekt knytt til bygdeutvikling. Kommunen fekk avslag på søknaden. KDD lyser no ut ytterlegere 15 millionar kroner til ei utviding av ordninga med bygdevekstavtaler, og opnar med dette for ein ny pulje prosjekt som kan prøve ut ordninga som nytt distriktpolitisk verkemiddel.

I eit informasjonsmøte om ordninga vart det tydeleg signalisert at det var ei føresetnad at kommunar gjekk i lag om ein søknad. Gulen og Masfjorden kommunar har eit tett samarbeid og har i stor grad felles bu- og arbeidsområde. Det er difor naturleg at kommunane søker ilag i dette prosjektet.

Det er frå administrativt hald i Masfjorden kommune ytra positiv haldning til å delta på ein søknad og kommunane har difor utarbeidd søknad ilag.

Planen er å lage felles søknad frå Gulen og Masfjorden kommunar, kor ein søker staten om midlar til fase 1 i prosjektet. Midlane skal nyttast til at kommunane kan tydeleggjere og spisse sine utfordringar og førebu forslag til innhaldet i ein eventuell avtale med staten. Det overordna målet for ein evt bygdevekstavtale er å bidra til busetting, tilgang på kompetent arbeidskraft og framtidssretta næringsutvikling. Distriktet vårt har ei rivande utvikling næringsmessig, men slit med å sikre nok attraktivitet i bygdene til å rekruttere kompetent arbeidskraft.

Søknadsfristen for ordninga er 23.06.23.

Fakta & vurdering

Bygdevektavtaler med staten er presentert som ei ordning for eit nytt verkemiddel i arbeidet med distriktsutvikling. For dei som blir tatt inn i ordninga skal avtalene bidra til samordning av verkemiddel og aktørar innanfor eksisterande økonomiske rammer. Det vert lagt opp til at staten og dei kommunane som deltek er hovud partar i avtalene. Men det kan òg vere aktuelt å invitere andre partar inn i avtalen.

I første omgang var det lyst ut 10 millionar til ordninga, no i runde 2 er det lyst ut 15 millionar. Dei overordna måla for avtalane er å bidra til busetting, tilgang til kompetent arbeidskraft og framtidssretta næringsutvikling.

Det er ikkje anledning til å söke om å få dekke ordinære driftskostnadene i kommunen. Det er den ekstraordinære satsinga for distriktsutvikling som vil falle inn under ordninga.

Søknadsprosessen skjer via regionalforvaltning. Masfjorden kommune hadde formannskapsmøte så tidleg i juni at me ikkje rakk å ferdigstille politisk sak til dette møtet. Saka vert lagt fram direkte til kommunestyret. Dersom kommunestyre ønskjer lengre tid på saka, og at vi ikkje rekk å behandle saka før sommarferien er det frå KDD uttrykt at det er høve til å ettersende sak om politisk forankring.

Søknaden legg opp til at ein i fase 1 skal kome fram til forslag til avtale med staten som skal innehalde tiltak, samarbeid og satsingar som skal gjennomførast i fase 2.

I ein evt fase 2 vil deltakinga innebere at kommunane må prioriterer tiltak i avtalen og sett av økonomiske midlar for å få dei gjennomført.

Det er eit vilkår at søknaden er forankra i dei respektive kommunestyra.

Milepælsplan

Søknad prosjekt bygdevekst

MP	Dato	Framdrift
1	Juni 2023	Søknad sendt til KDD
2	Okttober 2023	Utpike prosjektleiar og deltagarar i prosjektgruppa.
3	Nov-23	Peike ut relevante berekraftsindikatorar for målsetjingane som ein skal arbeide med i prosjektet.
4	Nov-23	Rettleiingsmøte med fylkeskommunen.
5	Des-23	Sette prosjektorganisasjon.
6	Jan./febr-24	Ferdig mandat til politisk handsaming.
7	Mars/april/mai-24	Arbeidsgruppemøter med målgruppene for å innspel og forankring til innhald og betyding av ein bygdevekstavtale.
8	Juni-24	Foreløpig resultatrapportering til statlege myndigheter med nærmere forventingsavklaring.
9	August-24	Rekne på dei økonomiske konsekvensane for fase to og implementere i økonomi -og handlingsplan.
10	September-24	Første utkast til bygdevekstavtale klar til innspelsrunde.
11	Okttober - 24	Endeleg bygdevekstavtale utforma.
12	Nov-24	Politisk handsaming.

Konklusjon

Masfjorden kommune sluttar seg til felles søknad frå Gulen og Masfjorden kommunar/ Bygdevekstavtale 2023

Kommunestyret - 039/2023

KS - behandling:

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samråystes vedteke.

KS - vedtak:

Masfjorden kommune sluttar seg til felles søknad med Gulen kommune kring prosjektmidlar/ bygdevekstavtale 2023